

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Aurland

Emne: Brynet

Bygdelag: Aurland

Oppskr. av: Atle Juul

Gard:

(adresse): Aurland

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
Etter konferanse med handelskar Martin Lie, Aurland.

## SVAR

- 1) Her segjer me eit bryne. ~~Hein~~(ein) er ein finare sort bryne som vert brukt til balberkniva o.l.
- 2) No vert her brukt både bryne av kuhststein og naturlege. Alle bryni vert innførde då her ikkje finst bryneberg ibygdi.
- 3) Alle grøvre betjødñ vert fyrst slipte på stein og sidan brynte, men t.d. balberknivar vert sett opp på bryne utan sliping.
- 4) Tynningaljà vart brukt til ca. 1850. Skilnaden var at slipeljàen vart tunnare i eggji, so med det same. Tynningaljàen kunde ikkje tynnast so radt ut, for då vilde han brennast opp i eggji under heringi. Men når han fyrst var oppbrynt, so helt han eggji lenger. Tynningi vart gjort om kvelden etter arbeid eller ørtidleg om morgoen. Ein brukte då ein liten hamar, tynningahamaren. Tynninga-ambolten hadde ei dragrond for draget på ljåen, slik at ikkje ljåen under tynningi skulde verta vridd eller bøygd. Etter tynningi måtte ljåen herast. Etter han hadde vore i avlen før hering, drog dei han etter dørstokken med eggji ned, og so i herslevatnet med han. Slik vart gjort både med langorvs-ljà og stutturv. Sigd og Skyru har eg ikkje høyrte gjete her. Tynningi vart gjort av ein av karane på garden og då stod dei i smia.

2

5) Retteleg flinke slåttekarar kann klara seg med 1 ljå for økti, elles 2. Dette gjeld langorv. Av styttorvi gjekk det nok både 2 og 3 for økti etter so trongy og steinete teigen var. Tynningaljøen varde heile dagen, men det vart ikkje det kvasse bitet i han som i nyslipt slipeljø.

8) Når me sliper langorvsljø, tek me han av orvet, men stutt-  
orvsljøen slipast på orvet. Ein held alltid egg mot seg når ein sliper ljå.

9) Når ein bryner langorven set ein orvet i marki slik at ljåen kjem i høgd med hovudet på slåttekaren.

Stuttorven størar ein orvet mot øvst på læret (venstre)

10) Det hende dei brukte brynebutt her, men vanlegaste var å sputta på brynet. Brynebutten var av tre.

14) Steinmjølet etter bryning kallar me brynekvaa..

-.-

Med eg var gutonge hørde eg dei fortalde om då fyrste slipeljøane kom til bygdar. Presten Borkrevink fekk heim 2 totningar, skulde læra karadn has te bruka slipeljø. Sjur på Feten var plassmann hjå presten og han var og husbondsdræng. Han var kjempekar denna Sjuren og ein maistar te slao. So skulde dai dåo slao pao Seljesalsaoedn pao prestgaren. No hadde Sjuren aosnakka med dai andre drainjedn og husmannedn. Sjølv hadde han ste i smiao å tynnt ljaodn om natti. Presten stod, skulde sjao kor da gjækk med slaotten. Sjur ordna so mannskapet. Dai skulde adle slao i skaoregonga. Fyrst gjikk totningadn med slipeljaodn sine. So kom prestadreinjedn og husmannedn, dai va no vist ein 10-12 i talet. Sist kom so han Sjur. Han slo ao alt sitt evle, og sosnart han kom innpao han so føre va, demmeso kremta han og hin staig or skaorao so Sjur fekk ta hans plass. So va da kje lainje te bia før han va atti heladn pao siste totningen. "Or skaorao" ropte han Sjur, men totningen lest alder gao, men dreipao

3

sitt da sama. "Greve du deg ikkje or skaorao, ska eg hogga oklo ao deg med tynningaljaoen min", ropte so Sjuren.

Dao staig totningen utor so Han Sjur fek framum. So gjik da ikk-je likare med hin totningen helde, anna han laut or vegen, slik at Sjur sto fyrstemann pao taigen. Dao han hadde slege ut skaorao si, spratt han burt før presten, knipsa i fingraden og gjorde ait gasta hadlingakast. "Ikkje gjere presten fao haim folk frao Toten fø te læra han Sjur pao Feten te slao" bante han.

Dai saog noke fynte ut både presten og totningadn dao.

(fynt - skjemde)

Ja, so fortalde han gamle Knut i Prestgaren ain gong me sto ilag og slo på Seljesalsaoedn.

Hadde han livt no, han Knut, so hadde han vel vore mange og nitti.

5508

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

